



Vedtekter for kommunale barnehagar i Sunnfjord kommune





§ 1. Føremål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. (Jamfør Lov om barnehagar § 1)

Barnehagen skal gje barn høve til lek, livsutfolding og meningsfylte opplevingar og aktiviteter. Barnehagen skal ta omsyn til barnet sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, her også samiske barn sin kultur og språk.

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gje rom for barn si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barn si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosial ulikskap. (Jamfør Lov om barnehagar § 2)

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Rammeplanen for barnehagen gjev retningslinjer for innhald og oppgåver i barnehagen. Med utgangspunkt i denne skal samarbeidsutvalet i den enkelte barnehagen fastsette ein årsplan for det pedagogiske arbeidet.

§ 2. Eigartilhøve

Sunnfjord kommune eig og driv dei kommunale barnehagane. Dei kommunale vedtektene gjeld for:

- Bygstad barnehage
- Halbrend barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Holsen skule og barnehage
- Karstad skule og barnehage
- Langhaugane barnehage
- Lunden barnehage
- Nærleiken barnehage
- Skei barnehage
- Slåttebakkane barnehage
- Solsida barnehage
- Sunde barnehage
- Tusenfryd
- Vie barnehage
- Vieåsen barnehage
- Vevring skule og barnehage
- Viksdalen barnehage
- Ytre Hafstad barnehage.



§ 3. Brukarmedverknad

For å sikre samarbeidet med heimen skal barnehagen ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Barna har rett til medverknad ut frå alder og føresetnader og barna sitt syn skal leggst vekt på i barnehagen si daglige verksemd.

3.1. Foreldreråd. Alle foreldre/føresette i barnehagen utgjer foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og gjere til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldra skal få kjennskap til og uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen. Ved avstemming tel ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

3.2. Samarbeidsutval. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal ha to representantar for foreldrerådet, to representantar for dei tilsette og eit medlem oppnemnt av eigar. Styrar/einingsleiar er sekretær for samarbeidsutvalet med møte-, tale- og framleggsrett. Styrar/einingsleiar har ansvar for at Samarbeidsutvalet konstituerer seg.

§ 4. Opptak

4.1. Samordna opptak til barnehagane

I Sunnfjord kommune er det samordna opptak som omfattar både kommunale og private barnehagar i kommunen. (Lov om barnehagar § 12)

Dei private barnehagane har eigne opptakskriterium som regulerer opptak. Desse står i vedtektene til kvar enkelt barnehage (jf. barnehagelova § 7).

Det er eitt hovudopptak på våren kvart år. Søknadsfrist for hovudopptak er 1. februar. Fristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag, annonse og kommunen si heimeside.

Tildeling av plassar ved hovudopptak skjer i mars/april. Søknader som kjem inn etter fristen, vil bli behandla etter at dei med rett til barnehageplass er plasserte. Når hovudopptaket er avslutta og alle med rett til barnehageplass etter barnehagelova har fått plass, har ein i Sunnfjord kommune kontinuerleg opptak. Nye søknader vert registrert og behandla fortløpande.

Av omsyn til barngruppa si samansetning, prioritering av søsken og fordeling av barn med spesielle behov, kan opptaksmyndigheita gjennom det samordna opptaket utvise skjønns ved fordeling av barn mellom barnehagane.

Søknadslistene er sortert etter alder, ei liste for 0 – 3 år og ei liste for barn i alderen 3 – 5 år.

4.2. Opptaksmyndigheit

Det er kommunedirektør som tildeler kommunale plassar og plassane kommunen disponerer i private barnehagar. Tildeling av barnehageplass er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 som det går an å klage på.



4.3. Opptakskrets

Kommunen er opptakskrets, men barnet vil i utgangspunktet bli teke opp i ein barnehage i den skulekretsen barnet høyrer til. Opptaksmyndigheita kan gjennom samordna opptak utvise skjønns ved fordeling av barn mellom barnehagane. Sjå punkt 4.1.

4.4. Opptakskriterier

Ein kommunal barnehageplass i Sunnfjord kommune føreset at barnet er busett i kommunen. Ifølge barnehagelova med forskrifter har barn som fyller eit år innan 30. november det året foreldre/føresette søker om barnehageplass, etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eit år.

Søklarar frå andre kommunar kan få tildelt plass dersom det er ledige plassar.

Desse gruppene er prioritert ved opptak:

1. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 13.

2. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernlova §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage, jf. barnehagelova § 13.

Dei som søker om opptak etter kriterium som gir prioritet må legge ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lege eller PPT. I dokumentasjonen skal det gå klart fram kvifor barnet har særleg behov for barnehageplass.

Søkarar som ikkje kjem inn under kriteria over, blir prioritert etter alder.

Når eit barn er tildelt barnehageplass, vil barnet bli prioritert inn i same barnehage som søsken.

4.5. Opptaksperiode

Vi reknar eit barnehageår frå skulestart i august til skulestart året etter. Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunkt som står på tildelingsbrevet. Plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller til barnet begynner på skulen.

4.6. Klage på opptak

Klageutvalet i Sunnfjord kommune er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Foreldre/føresette kan sende ein eventuell klar til kommunedirektøren. Klagebehandlninga skal følge rutinane i forskrift om saksbehandling ved barnehageopptak.

§ 5. Endring av barnehageplass

Barn som er tildelt kommunal barnehageplass, har førerrett til auke av opphaldstid **når dei har starta i barnehagen.** Føresetnaden er at det etter styrar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogleg. Foreldre/føresette må søke elektronisk, og det er styrar som tildeler ny opphaldstid.

Dersom det er fleire søkarar til ein ledig plass, blir søkarane prioritert etter gjeldande opptakskriterium.

Søkarar som har barnehageplass i kommunal barnehage og som ønsker å byte til annan kommunal eller privat barnehage, må søke på nytt ved hovudopptak og blir vurderte som nye søkarar.



§ 6. Oppseiing av barnehageplass

Plassen er bindande til han blir sagt opp skriftleg, eller når barnet begynner på skulen. Viss ein flyttar frå kommunen, kan barnet behalde sin tildelte barnehageplass ut barnehageåret. Dersom foreldre/føresette seier opp plassen eller søker om redusert opphaldstid, må dei betale for 3 månadar: oppseiingsmånad samt 2 påfølgande heile månader. Dersom dei vel å seie opp etter 30. april, må dei betale barnehageplassen resten av barnehageåret.

§ 7. Foreldrebetaling

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon blir regulert gjennom barnehageleva § 15 og gjeldande forskrift. Kommunedirektør fastsett foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Foreldrebetalinga er månadleg i 11 månader. August er betalingsfri månad. Når barnet skal slutte i barnehagen, må foreldre/føresette betale for oppseiingsmånaden samt 2 påfølgande månader. Sam reglar gjeld ved reduksjon i plass.

Dersom barnet/barna blir henta etter ordinær stengt tid, må foreldre/føresette betale eit gebyr for kvar påbegynte halvtime. Gebyret blir fastsett av kommunestyret.

Kommunen kan gi reduksjon av eller fritak frå foreldrebetaling med forskrift om foreldrebetaling. Foreldre/føresette kan sende søknad til Sunnfjord kommune og må legge ved dokumentasjon på familiens samla inntekt. Vedtaket gjeld frå månaden etter at kommunen har motteke søknaden. Urette opplysningar i søknad kan medføre at ein må betale ordinær barnehagesats.

Betaling av eventuelle mat- og mjølkepengar blir fastsett av samarbeidsutvalet i kvar enkelt barnehage, og ein tek omsyn til lokale tilhøve. Mat- og mjølkepengane skal dekke kostpris

§ 8. Opningstider og ferie

Kommunale barnehagar har ope frå måndag til fredag. Barnehagetilbodet blir organisert innanfor ei dagleg opningstid på maksimum 10 timar. Kommunedirektøren fastsett opningstida for kvar barnehage.

Barnehagane er stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar, 24.desember., 31.desember., samt 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Onsdag før påske stengjer barnehagen kl. 12.00.

I tillegg skal barna ha ferie i 3 veker som skal vere samanhengande og takast ut i perioden 1. juni og til 1. september. Foreldre/føresette skal melde barna sin ferie til barnehagen seinast 1. mai i ferieåret.

Barnehagar med 1-2 avdelingar kan ha sommarstenging i inntil 3 veker.

§ 9. Arealnormer

Følgande arealnørmjer gjeld for kommunale barnehagar:
4,5 kvm. per barn 3–5 år. 6 kvm. per barn 1–3 år.

Uteareal: Det skal vere 6 gongar så stort leike- og opphaldsareal som inne.



§ 10. Tilsetjing og personale

10.1. Personalet i dei kommunale barnehagane er tilsette i Sunnfjord kommune. Bemanninga i barnehagen skal vere i tråd med barnehagelova §§ 17–18.

10.2. Alle som arbeider og oppheld seg regelmessig i barnehage skal legge fram tilfredsstillande politiattest, jf. barnehagelova § 19.

10.3. Alle tilsette i barnehagen har teieplikt etter forvaltningslova §§ 13–13f, jf. barnehagelova § 20.

10.4. Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta, jf. barnehagelova §§ 21 og 22.

10.5. Barnehagen har plikt til å samarbeide med skulen om overgangen frå barnehage til skule/skulefritidsordning, jf. barnehagelova § 2a.

§ 11. Forsikring

Barn som har plass i kommunal barnehage er forsikra i opphaldstida og på veg til og frå barnehage/heim.

§ 12. Internkontroll

Dei kommunale barnehagane skal ha ein eigenkontroll i samsvar med kommunedirektøren sitt eigenkontrollsystem i Sunnfjord kommune.

§ 13. Endring av vedtektene

Endring av vedtektene blir vedteke av kommunestyret etter høyring, slik at foreldre/føresette og tilsette får uttale seg før saka vert politisk behandla.

Vedteke i kommunestyret 11. desember 2019.